

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Bergen, 19.01.2018

Klage på NVEs vedtak om løyve til Tokheimselva kraftverk (NVE saksnummer 201205849)

Vi viser til NVEs vedtak 15.12.2017 om å gje løyve til Tokheimselva kraftverk (NVE saksnummer 201205849).

Bergen og Hordaland Turlag har «rettslig klageinteresse» i saka om Tokheimselva kraftverk, jf. forvaltningslova § 28 første avsnitt. Vi klagar med dette på NVEs vedtak om å gje løyve til Småkraft AS for utbygging av Tokheimselva kraftverk. Klagefristen er 19.01.2018, jf. orientering om vedtak fra NVE 15.12.2017 (NVE saksnummer 201106943-24). Klagen er sendt elektronisk 19.01.2018 og er framsatt rettidig, jf. forvaltningslova § 30.

Vi vil presisera at vi svært sjeldan nytter klageretten i saker som gjeld vasskraftsaker, men denne saka gjeld skade og ulemper for allmenne interesser, Tokheimselva som karaktergjenvende landskapselement, fossefjordlandskap med stor verdi og eit svært viktig friluftslivsområde.

Vi meiner at det føreligg nasjonale interesser i denne saka, omsyn til friluftslivverdier, reiseliv, omsynet til samla last, fossefjordlandskap, kulturhistoriske verdiar og landskapsomsyn som tilseier at det omsøkte prosjektet ikkje burde ha fått løyve. NVE presiserer i dokumentet KSK-notat 117/2017 (NVE saksnummer 201205849-26): «For at NVE skal kunne gi konsesjon til kraftverket må virkningene ikke bryte med de føringer som er gitt i Olje- og energidepartementets retningslinjer for utbygging av små vannkraftverk. Videre må de samlede ulempene ikke være av et slikt omfang at de overskridt fordelene ved tiltaket. NVE kan sette krav om avbøtende tiltak som del av konsesjonsvilkårene for å redusere ulempene til et akseptabelt nivå» (vår understrekning).

Vi meiner at det føreligg brot på dei føringane som Olje- og energidepartementet har gjeve i «Retningslinjer for små vannkraftverk», og at dei samla ulempene og skadene overskrid føremonene ved tiltaket. Vi meiner at dei avbøtande tiltaka ikkje er tilstrekkelege for å redusera ulempene til eit akseptabelt nivå. Vi vil her leggja fram nye moment og moment som vi meiner ikkje er tilstrekkeleg vurdert i konsesjonsvurderinga slik det går fram av KSK-notat 117/2017; desse momenta er av ein slik karakter at vi meiner at det har verka inn på spørsmålet om fordelsovervekt etter vassressurslova § 25 og grunnlaget for å gje konsesjonsløyve. Difor burde desse momenta også ha vore vurdert i høve vilkåra som vert stilt i vassressurslova § 25.

Føremålet med bestemminga i vassressurslova § 25 er at relevante føremoner, skadeverknader og ulemper vert klarlagt, og at det føreligg ei overvekt av føremoner for at

konsesjon skal kunne tildelast. I høve førearbeida gjev vassressurslova § 25 uttrykk for eit minstekrav, jf. Ot. prp. nr. 39 (1998-1999). Skjønnsutøvinga etter denne bestemminga er begrensa av loven sitt minstekrav, det vil seia at konsesjonsmyndighetene må klarleggja relevante moment i saka. Vi meiner at NVE ikkje har tatt omsyn til avgjerande og relevante moment i denne saka som det ville vera naturleg å klarleggja i konsesjonsvurderinga og i grunngjevinga for vedtaket, jf. KSK-notat 117/2017.

Vi ber Olje- og energidepartementet om å vurdere saka på sjølvstendig grunnlag. Vi har gjeve fråsegn i saka i høyingsrunden. Vi ber OED leggja tidlegare fråsegner i saka til grunn saman med denne klagen på løyve til Tokheimselva kraftverk.

Samandrag av motsegner til konsesjonsløyve, datert 15.12.2017:

1. Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse: Tokheimselva inngår i «Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse», jf. Riksantikvaren sitt prosjekt for kartlegging av verdifulle kulturhistoriske landskap i samband med Den europeiske landskapskonvensjonen. Tokheimselva inngår i eit landskap med status som *kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse*, jf. Riksantikvaren sitt arbeid i samband med Den europeiske landskapskonvensjonen. Vi kan ikkje sjå at NVE har gjennomført ei vurdering *kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*. Vi ber Olje- og energidepartementet gjennomføra ei ny vurdering av dette temaet.
2. Vestnorsk fjordlandskap med stor verdi og fossefjordlandskapet: Retningslinjene fra OED stiller strenge krav til handsaminga av saker i viktige fjordlandskap. I KSK-notat nr. 42/2012, s. 56, er eit av argumenta for å gje konsesjon til Sleiveåni kraftverk at : «elvene med den største inntrykksstyrken fortsatt [vil] renne fritt i den indre delen av Sørfjorden mot Odda, dvs. Tokheim- og Eitrheimsvassdraget». Vurderinga av naturmangfaldlova § 4 er ikkje utfyllande og er mangefull, når det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til akvatisk økologi og elvestrengar utan energitekniske inngrep i indre del av Sørfjorden i sumverknadsvurderinga, jf. drøftinga i punkt 6 i denne klagen.
3. Regionalt viktig trasé mot Folgefonna nasjonalpark: T-merka rute frå Egne Hjem opp Tokheimsliva og langs Tokheimselva er rekna som eit «Svært viktig» regionalt friluftslivsområde. Vi meiner NVE undervurderer verknadene for friluftslivet i sitt konsesjonsvedtak.
4. Naturmangfaldlova § 49: Vi saknar at NVE drøftar naturmangfaldlova § 49 og om vedtaket om å gje løyve til Tokheimselva kraftverk er eigna til å verka inn på verneverdiane i Buer landskapsvernombord. Inntaka til Tokheimselva kraftverk ligg om lag 25-30 meter frå landskapsvernombordet sine grenser. Ein av verneverdiane i landskapsvernombordet er «sikre verdfull vassdragsnatur». Vil redusert vassføring og energitekniske inngrep ved etablering av delvis røyrgate i tunnel og delvis nedgravd

verken inn på verneverdien «sikre verdfull vassragsnatur» og omsynet til heilskapen i vasstrengen?

5. Kommunale organ rår frå prosjektet og omsynet til «allmenne interesser»: Både Odda kommune og Hordaland fylkeskommune rår frå prosjektet. Interesseorganisasjonar innan natur- og friluftsliv har motsegner mot prosjektet.
6. Mangelfull sumverknadsvurdering: Sumverknadene som er vurdert i KSK-notat 117/2007 er etter vår vurdering ikkje i tråd med Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vasskraftverk, naturmangfaldlova § 10, vassressurslova § 25 og forskrift om konsekvensutgreiingar § 21. Vi ber Olje- og energidepartementet om å vurdera dette på sjølvstendig grunnlag.
7. Mangelfull vektlegging av Tokheimselva som synleg og karaktergjevande i fossefjordlandskapet: Vi meiner at Tokheimselva som heilskap i fossefjordlandskapet ikkje er tilstrekkeleg veklagt i konsesjonsvurderinga. Det er riktig som NVE skriv at det er flotte fossesprøytsone over det tiltenkte inntaket. Men det er viktig å presisera at frå inntaket og ned mot fjorden, går vassdraget så godt som i ei samanhengande fossesprøysone. Denne spektakulære og lange fossesprøyt-strekninga vil i praksis forsvinne om elva blir bygd ut.
8. Stor verdi for reiselivet: I fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland har tema reiseliv fått stor verdi i Sørfjorden. Vi kan ikkje sjå at NVE har vurdert dette temaet tilstrekkeleg i KSK-notat 117/2017. Det føreligg nasjonale reiselivsinteresser knytta til området for Oddapakka. Retningslinjene frå OED for små vasskraftverk legg til grunn at reiselivsinteresser skal vurderast i sakshandsaminga til NVE.

Ei utdjuping av motsegner til konsesjonsløyvet, datert 15.12.2017:

- Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse:** Vi kan ikkje sjå at NVE i si grunngjeving for vedtak viser til at Tokheimselva inngår i eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet arbeider Riksantikvaren med å etablere et register over *kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*, som skal dekkja alle fylka i landet. Riksantikvaren skriv i brev datert 27.5.2014: «*Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har godkjent, gjeld alt landskap – frå bylandschap til kyst- og fjellandschap, får særleg verdfulle landskap til landskap som treng kvalitetshavende tiltak. Han utfordrar landa til å erkjenne at kvalitet i og manfald av landskap er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvalting og vern. Det trengst oversikt over kva landskapsverdiar som finst for å kunne gjere dette på ein god måte.*» I brev datert 21.12.2016 frå Riksantikvaren (arkivref. 16/01083-22) vert det skrive om målsetjinga med arbeidet: «*Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har slutta seg til, legg vekt på at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvalting og vern. Til dette trengs det m.a. oversyn over landskapsverdiar. Konvensjonen oppmodar difor landa om å kartleggje og prioritere landskap.*».

NVE skriv i høyringsuttale (NVE saksnummer 201402934-8) til arbeidet med «kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» følgjande: «*NVE vil her påpeke at kulturhistoriske landskap vil inngå i en konkret vurdering ved konsesjonsbehandling av eventuelle oppgraderinger av de eksisterende ledninger som går gjennom flere av disse områdene. Det samme gjelder ved konsesjonsbehandling av eventuelle nye energianlegg innen eller i synlig avstand fra kartlagte kulturhistoriske landskap*» (vår understrekning). Tokheimselva ligg innanfor avgrensinga for kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Vi kan ikkje sjå at NVE i grunngjevinga for vedtak har gjennomført ei konkret vurdering av Tokheimselva som del av eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse – noko som NVE har uttalt at dei skal gjere og som også følgjer av dei nasjonale retningslinje for sakshandsaminga i samband med små vasskraftverk. Vi vil også visa til dei kulturhistoriske interesser som er knytta til «Turistvegen over Folgefonna» og kringliggjande landskap.

I Olje- og energidepartementet sin rettleiar for små vannkraftverk (2007) vert det vist til den europeiske landskapskonvensjonen og forpliktingane Noreg har etter denne. I landskapsvurderinga i enkeltsaksbehandling vert det mellom anna vist til at: «*Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av verdifulle landskapselementer av nasjonal, regional eller lokal betydning bør unngås*». Vi ber Olje- og energidepartementet om å gjennomføra ei ny vurdering av landskapsverknader i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Vi er innforstått med at den europeiske landskapskonvensjonen ikkje er til hinder for ny utvikling, men at det må gjennomførast ei prioritering og samla last

vurdering av landskapsinngrep. Vi viser til at det allereie er tillatt fleire landskapsinngrep og gjeve løyver til etablering av energianlegg i dette landskapet, men vi kan ikkje sjå at det er gjennomført ei tilstrekkeleg avveging av landskapsomsyn i tråd med konvensjonsforpliktingane.

2. Vestnorsk fjordlandskap med stor verdi og fossefjordlandskapet: I OED sine retningslinjer for små vasskraftverk vert det vestnorske fjordlandskapet trukket spesielt fram som ein landskapstype som har kvalitetar av regional, nasjonal og internasjonal verdi. OED stiller strenge krav til handsaminga av saker i viktige fjordlandskap i retningslinjene, og legg vekt på at det skal «*utvises særlig varsomhet med sikte på å bevare landskapskvalitetene og helheten i landskapet*». Vi kan ikkje sjå at konsesjonsvedtaket understøtter omsynet til å ta vare på heilskapen i fjordlandskapet, og vi kan heller ikkje sjå at avbøtande tiltak vil føra til akseptable miljøkonsekvensar for allmenne interesser. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på om lag 2350 meter lang strekning av Tokheimselva. Tokheimselva er godt synleg frå fjorden og austsida av Sørfjorden. For minstevassføringsregimet er det oppgjeve 20 l/s i periodane 01.10-30.04, til 150 l/s i perioden 01.05.-31.05 og 1.9-30.9, og 300 l/s 01.06-31.08, jf. Vassdragskonsesjon til Tokheimselva kraftverk, punkt 1 Vannslipping. Normalvassføringa i dag er oppgjeve til 880 l/s. Det vil seia at vassføringa etter utbygginga kan variera mellom usynlege 2,27 %, og til 17 % og 34 % av normalvassføringa. Tokheimselva kraftverk vil i gjennomsnitt nytta 89 % tilgjengeleg vassmengde til kraftproduksjon. NVE skriv sjølv at dynamikken i vassføringa i stor grad vil forsvinne etter ei utbygging. Vi meiner at tapet av dynamikken i vassføringa i Tokheimselva er til skade og ulempe for landskap, friluftsliv og reiseliv.

I KSK-notat 117/2017 framkjem det nye saksopplysingar for partane, s. 17: «*Småkraft har på forespørsel fra NVE etter befaring vurdert en løsning med vannvei i tunnel i øvre del av vannveien. Alternativet medfører boring av tunnel på omtrent 825 m fra Buksefoss ved kote 210 og opp til planlagt inntak. Alternativet med boring vil ifølge Småkraft øke kostnadene med omtrent 9 mill. kr, og utbyggingskostnaden med tunnel blir da 2,94 kr/kWh*» (NVE saksnummer 201205849-25). Det er ikkje gjeve noko opplysingar gjeldande eventuelle boreutføring og masser/ deponering av borepartiklar. I praksis vil dette bety å leggja halve rørgatetraseen i fjell, og resterande del av rørgatetraseen som skildra i konsesjonssøknaden. Tiltaket vil framleis ikkje motverke bortfall av eit karaktergjevande landskapselement i indre del av Sørfjorden, og vil framleis ikkje medverke til å ivareta naturgrunnlaget for friluftsliv og naturbasert reiselivsnæring. Føreslått avbøtande tiltak vil heller ikkje bidra til å redusera samla last av energitekniske inngrep i fossefjordlandskapet av stor verdi.

NVE framhever at Tokheimselva er «*et markert og viktig landskapselement i et fjordlandskap av stor verdi*», jf. KSK-notat 117/2017. NVE erkjenner at ei utbygging vil føra til redusert landskapsmessig verdi. NVE drøftar ikkje denne delen av faktum mot vilkåra i naturmangfaldlova § 4. I høve retningslinjene frå OED så skal «*Inngrep som*

medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapslementer, for eksempel fosser i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås». Vi meiner – i motsetnad til NVE – at desse momenta understøtter at ei utbygging vil vera til skade og ulempe for allmenne interesser. Elveløpet si utforming i Tokheimselva sett saman med redusert vassføringa i elva vil vera avgjerande for opplevinga av landskapet og vil føra til ei vesentleg landskapsendring. Vi viser til at denne vurderinga ikkje harmonerer med den sumverknadsvurderinga NVE la til grunn i Sørfjordenpakka. Her vektla NVE, s. 56 i KSK-notat nr. 42/2012, som argument for å gje konsesjon til Sleveåni kraftverk: «Selv om Sleveåni store deler av året vil bli et markert mindre landskapselement så vil elvene med den største inntrykksstyrken fortsatt renne fritt i den indre delen av Sørfjorden mot Odda, dvs. Tokheim- og Eitrheimsvassdraget». Vi viser til at det er gjeve konsesjon til Kvitno kraftverk, Sleveåne kraftverk og Freim kraftverk i det nære landskapsrommet kring Tokheimselva. Vi viser også til at det no føreligg ein større konsesjonssøknad om vasskraftverk og flaumtunnel i Opovaldraget, som er del av Verneplanen for vassdrag. Opovaldraget er lokalisert i nærområdet til Tokheimselva. Vi meiner at opninga for sistnemnde prosjekt endrar rammene for sumverknadsvurderinga i Sørfjorden.

3. Regionalt viktig trasé mot Folgefonna nasjonalpark: NVE skriv på s. 23 i KSK-notat 117/2017 at «*De planlagte inngrepene vil i liten grad berøre turstien opp Tokheimslia*». Vi er ueinige i denne vurderinga. For Bergen og Hordaland Turlag er ivaretaking av Tokheimselva ein viktig del av naturopplevinga og ein viktig del av landskapet. Ytterlegare vassdragstekniske inngrep i Tokheimselva vil medføra ein ytterlegare reduksjon i turopplevinga langs Tokheimselva, og vil berøre friluftslivinteressene. Vi vil visa til at NVE ikkje har lagt til grunn at T-merka rute langs Tokheimselva inngår i eit friluftslivsområde som i den regionale kartlegging og verdsettinga er rekna som «*Svært viktig*». Vi kan ikkje sjå at NVE i tilstrekkeleg grad har veklagt at dette er ein regionalt viktig trasé mot Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. I nærområdet i indre Sørfjorden er det allereie gjeve løyve til vasskraftutbygging i Freimselva og Kvitno, som kjem i berøring med regionale oppgangstraséar.

NVE skriv s. 23 i KSK notat 117/2017: «*Fra stien er det ved noen få punkter utsikt til elva. Stien går i stor grad i skogsterrenghvor opplevelsen av vannføringen i elva er begrenset*». Både kommunale organ, allmenne interesser og statlege forvaltningsorgan er ueinige i vurderinga til NVE på dette punktet. Småkraft viser også til potensialet for å gjera innsynet til elva større, og at det føreligg eit stort potensial med landskapspleie og skjøtsel. På ei rekkje punkt langs T-merka rute er det flotte utsynspunkt mot Tokheimselva, og stien kjem på fleire punkt nær elvesona. Vi viser til Folgefonna nasjonalparkstyre sitt brev datert 26. april 2017 (2017/1176-0 432.3) som står i kontrast til NVE si vurdering av tydinga til Tokheimselva og friluftslivopplevinga: «*Det er først og fremst opplevingsverdiane knytte til eit levande elvelandskap som vert påverka. Ridestien/Turistvegen opp Tokheimslia har fleire gonger fått støtte til tiltak fra Folgefonna nasjonalparkstyre. Turgåarar kjem i kontakt med elva fleire gonger på veg*

oppover og vil gå frå å oppleve ein flaumstor vestlandselv til ein sildrande bekk på sumarsdagen» (vår understrekning).

Tokheimsvassdraget har stor verdi i friluftslivsammenheng, som eit mykje brukta inngangsparti til Folgefonnaplatået. Historisk er «Turistvegen over Folgefonna» ei svært mykje brukta, omtalt og spektakulær rute, der alle dei opprinnelige elementa fortsatt er intakte. Nærleiken til vassdragsnaturen er ein sentral del av naturopplevinga langs T-merka rute mot Folgefonna. I tidlegare forvaltningspraksis har NVE lagt vekt på innfallsportar til nasjonalparkar og områder med store landskapsverdiar, som relevante og vesentlege moment.

Oppgangen i Tokheimslia er den klart viktigaste oppgangen til turistforeiningshytta på Holmaskjer. Stien opp lia er restaurert og vart gjenopna i 2002, og går i fleire punkt langs Tokheimselva. Den er satt i stand slik den var som rideveg for 100 år siden. Stien er ein av dei lettaste traseane for å koma raskt høgt til fjells. Stien er ein viktig del av det merka stisystemet til Bergen og Hordaland Turlag. Tokheimslia er ei av dei vakraste liene langs indre delar av Sørfjorden. NVE viser til at eit tidlegare vasskraftprosjekt vart avslått i samband med opprettinga av Folgefonna Nasjonalpark og Buer landskapsvernområde, jf. Kgl. res. 29. april 2005. Vi vil her visa til at redusert vassføring langs stien i Tokheimsdalen og Støladalen var relevant for avslaget om å utnytta Tokheims- og Eitrheimsvassdraget til vasskraftproduksjon. Miljøverndepartementet støtta her Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen i Hordaland si vurdering. Fylkesmannen i Hordaland viste mellom anna til: «*Tokheimsdalen med Støladalen har i dag ikkje same urørte preg, men har likevel stor verdi då dette er det viktige oppmarsjområdet til Folgefonna frå Odda. Dei tilhøyrande friluftsinteressene er store langs den nyleg opprusta ridestien frå Egne Hjem opp lia gjennom Støladalen og vidare til Holmaskjer turisthytte*».

Vi viser til utkast til besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark (2017) der det mellom anna vert skrive: «*Fonnabu, Breidablikk og Holmaskjer er eigd av Bergen Turlag og drifta av Kvinnherad Turlag og Odda/Ullensvang Turlag, som er lokallag av Bergen Turlag. Bergen Turlag og Haugesund Turistforening er medlemsforeiningar i Den Norske Turistforening (DNT). Turlagshyttene vert stort sett nytta til overnatting. Talet på overnattingar har auka noko dei siste ti åra*» (vår understrekning).

4. **Naturmangfaldlova § 49:** Vi saknar at NVE drøftar naturmangfaldlova § 49 og om vedtaket om å gje løyve til Tokheimselva kraftverk er eigna til å verka inn på verneverdiane i Buer landskapsvernområde. Inntaka til Tokheimselva kraftverk ligg om lag 25-30 meter frå landskapsvernområdet sine grenser. Ein av verneverdiane i landskapsvernområdet er «sikre verdfull vassdragsnatur». Vil redusert vassføring og energitekniske inngrep ved etablering av delvis røyrgate i tunnel og delvis nedgravd røyrgate verke inn på verneverdien «sikre verdfull vassdragsnatur»? Vil ei regulering av

elva frå kote 540 og ned til kote 40 vera foreinleg med formålet til landskapsvernrådet «ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet»? Vi vil også leggje til at verneforskrifta for Buer landskapsvernråde og Folgefonna Nasjonalpark peiker på at friluftslivet inngår i formålet: «Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging». Dette understrekker også tydinga av T-merka rute som ein regionalt viktig trasé frå Egne Hjem og til Holmaskjer turisthytte. Ei regulering av den delen av vassdraget som ligg utanfor landskapsvernrådet vil vera med til å redusera heilskapen i fossefjordlandskapet. Det er viktig å ivareta viktige innfalsportalar til landskapsvernrådet og nasjonalparkar.

5. **Kommunale organ frarår prosjektet og omsynet til allmenne interesser:** I arbeidet med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse har kommunane fått ei særskild rolle. Riksantikvaren skriv i brev 11.09.2017 (16/01085-8) «*De aktuelle kommunene blir oppfordret til å ta et hovedansvar for å ivareta verdiene i disse landskapene gjennom sin planlegging og forvaltning*». Odda kommune laga i 2008 ein kommunedelplan for energi og vassdrag (arkivsak Odda kommune, 200800008-33). På side 22 i KSK-notat 117/2017 (NVE saksnummer 201205849-26) viser NVE til at Tokheimselva er plassert i «gul sone – middels konfliktgrad». Vi viser til at denne soneinndelinga ikkje har juridisk status, men vert lagt til grunn i saksvurderinga til kommunestyret. Det endelige vedtaket til kommunestyret i saka får difor størst vekt. I kommuneplanens arealdel inngår Tokheimselva i eit område med arealkategori «LNF». Odda kommunestyre har handsama spørsmålet om utbygging av Tokheimselva på grunnlag av kommunedelplan for energi og vassdrag (OK-019/17). Etter ei totalvurdering gjekk kommunestyret i Odda, 24.04.2017, mot utbygging av Tokheimselva. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune støtta Fylkesrådmannen si innstilling samrøystes: «*Av omsyn til landskaps-, frilufts- og reiselivsverdiane rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Tokheimselva*». Innstillinga til Fylkesrådmannen byggjer på retningslinjene i *fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021*.

I vurderinga av verknaden for «allmenne interesser» er det ikkje lagt tilstrekkeleg vekt på kommunale organ si handsaming, og interesseorganisasjonane sine motsegner mot energitekniske inngrep i Tokheimselva.

6. **Mangefull sumverknadsvurdering:** Det er avgjerdsmyndigheita som etter lovverket og retningslinjer skal føreta ei vurdering av samla belasting. Vi kan diverre ikkje sjå at NVE har gjennomført ei tilstrekkeleg vurdering av samla belasting, jf. KSK-notat 117/2017. Etter vårt syn oppfyller ikkje vurderinga dei normative krava som følgjer av lovverket og retningslinjer frå OED på dette feltet. Omsynet til "samla belasting" tilseier at ein vurderer både eksisterande inngrep som er fullførte, vedtatte, planlagte og omsøkte

energitekniske inngrep, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 21 tredje avsnitt og retningslinjer frå Olje- og energidepartementet for små vasskraftverk. Vi ber Olje- og energidepartementet på sjølvstendig grunnlag vurdere sumverknadene i området. Ei heilskapleg tilnærming til forvalting av vassressursar følgjer også av vassforskrifta § 12, og er eit relevant rettsgrunnlag i høve tolkinga av vassressurslova § 25. Eit anna omsyn ved vurdering av sumverknader er å hindra ei bit-for-bit utbygging utan ein overordna plan. På grunnlag av vassressurslova § 25 er det også relevant å vurdera sumverknader på sjølvstendig grunnlag etter denne bestemminga. Førearbeida Ot. prp. nr. 39 (1998-1999) legg vekt på i sin merknad til vassressurslova § 25: *"Selv om minstekravet er oppfylt, og tiltaket alene ikke har store skadevirkninger, kan det begrunne et avslag at sumvirkningen av mange slike tiltak som kan forventes i fremtiden, til sammen vil ha det"*. Vi vil også leggje til grunn at førarbeida til naturmangfaldlova også støtter at landskapsmessig mangfold er eit relevant vurderingstema under naturmangfaldlova § 10. Det er også støtte for at påverknad av estetisk karakter er eit relevant vurderingsmoment etter naturmangfaldlova § 10. I tillegg er vasstrengane langs Sørfjorden å vurdera som akvatiske økosystem. Elveløp har status som «NT» etter Nasjonal rødliste for naturtypar 2011.

Vi ønskjer å visa til at det er naturleg å sjå Oddapakka i samband med samla last vurdering gjennomført i samband med Sørfjordenpakka. Vi vil visa til KSK-notat nr. 42/2012 og den landskapsmessige tyding som er gjeve til Tokheimselva i sumverknadsvurderinga. I NVE si konsesjonsvurdering, s. 52 i KSK-notat nr. 42/2012, vart det lagt til grunn som ledd i argumentasjonen for å gje konsesjon til Sleveåne kraftverk (NVE saksnummer 201100595): *"I samlerapporten ble Sleveåni satt i kategori II og III (inntrykksstyrke) og det ble vurdert at prosjektet vil berøre delstrekninger av betydning for landskapet. Rapporten konkluderer med at landskapskarakteren vil svekkes i denne delen av fjorden ved en full utbygging, men påpeker også at de delstrekningene som gir det største bidraget forblir urørt (Tokheims- og Eitrheimsvassdraget)"* (vår understrekning). Tokheimsvassdraget var i fagutgreiingsrapporten frå Miljøfaglig Utredning AS definert som eit viktig landskapselement i Sørfjorden, s. 52 i KSK-notat nr. 42/2012: *"I samlerapporten ble den øvre delen av Digraneselvi satt i nest øverste kategori hva gjelder inntrykksstyrke, og konsulenten vurderte Digraneselvi som helhet til: "bidrar vesentlig til landskapets karakter". Sammen med bl.a. Ædnafossen, Dettefossen, Skyrfossen, Tokheimsvassdraget og Eitrheimsvassdraget utgjør den en viktig del av fosselandskapet i den indre delen av Sørfjorden"* (vår understrekning).

I tillegg må Oddapakka vurderast i høve konsesjonssøknad om kraftverk i det verna vassdraget Opo. Rammene for sumverknadsvurdering i området for Oddapakka er endra og er eit relevant moment, som NVE ikkje har vurdert tilstrekkeleg i grunngjevinga for konsesjonsvedtaket, jf. Prop 11 S. (2016-2017) og Innst 110 S. (2016-2017). Føremålet med Verneplan for vassdrag er å ivareta eit representativt utsnitt av norsk vassdragsnatur med varig vern mot kraftutbygging. Føremålet med konsesjonssøknaden

for Opo er eit forslag om vasskraftverk med flaumtunnel (søknad om å få byggje eit vasskraftverk med estimert årsproduksjon på 170 GWh). Vi vil oppmøde Olje- og energidepartementet om å sjå klagehandsaminga av Tokheimselva kraftverk i samband med utfallet av konsesjonsvurderinga i Opo (NVE saksnummer 201606897). Vi viser til at samla last av energitekniske inngrep vil auka i svært stor grad i Sørfjorden, dersom det i tillegg vert tillatt eit større kraftverk i Opopassdraget – som i utgangspunktet er eit vassdragsobjekt som har eit varig vern mot etablering av vasskraftverk.

Frå T-merka rute opp Tokheimslia var både Sleiveåne og Freimselva synlege, men dei nedre delane av fossesprøytsionene i desse elvene er i dag ikkje lenger synlege landskapselement grunna kraftutbygging. Opopassdraget der den renn ut i Sørfjorden er også eit synleg landskapselement.

I tillegg er det lenger utover i Sørfjorden gjeve løyve til utbygging av Tyssovassdraget, Kvitno med inntak nedanfor Dettefossen, Byro kraftverk, Måge kraftverk og Espeelvi kraftverk er under bygging.

7. Mangefull vektlegging av Tokheimselva som synleg og karaktergjenvende i fossefjordlandskapet: NVE skriv i KSK-notat 117/2017 at «NVE vektlegger at fossene med størst inntrykksstyrke i Tokheimselva ikke blir berørt av planlagt utbygging». Vi viser til at denne vektlegginga ikkje samstemmer med det normative kravet som følgjer av vassressurslova § 25, naturmangfaldlova § 10 og OED sine retningslinjer for små vasskraftverk. I retningslinjene til OED, s. 16, vert det lagt vekt på «*Inngrep som kan gi ueheldige sumvirkninger og som kan påvirke totalopplevelsen av fjordlandskapet (landskapsrommet) negativt bør i hovedsak unngås*».

Det er riktig som NVE skriv at det er flotte fossesprøytsone over det tiltenkte inntaket. Men det er viktig å presisera at frå inntaket og ned mot fjorden, går vassdraget så godt som i ei samanhengande fossesprøysone. Denne spektakulære og lange fossesprøytsrekninga vil i praksis forsvinne om elva blir bygd ut.

Tokheimselva må vurderast i ein heilskap. NVE legg her til grunn ein ad hoc-verdisetjing. Verdisetjinga er ikkje i tråd med landskapsverdisetjinga lagt til grunn av statlege og regionale fagorgan. Det følgjer ikkje av retningslinjene at det er naturleg å «stykke» opp ein vasstreng i fossefjordlandskapet med eigen verdivurdering for separate element av vasstrengen. Det sentrale i retningslinjene er samla last og samla påverknad på fossefjordlandskapet. Dette står i kontradiksjon til NVE sitt argument om at Tokheimselva er «et markert og viktig landskapselement i et fjordlandskap av stor verdi». Dei delane av Tokheimselva som vert berørt av ei eventuell utbygging har inntrykksstyrke og markerte fosseelement. Vurderinga i KSK-notat 117/2017 for Oddapakka harmonerer

heller ikkje med den vurderinga NVE la til grunn i Sørfjordenpakka, der dei i KSK-notat nr. 42/2012, s. 55, framheva heilskapen i Tokheimselva: «Spesielt synlige og karaktergivende elver er Tokheim- og Eitrheimselvi, Tverrbekken, Ædna, Fosso, Skyrfossen, Digraneselvi, Dettefossen, Fossåne, Fossen i Bleieelvi og Grindaelvi. Vi mener også at det er et mer dominerende "elvelandskap" på vestsiden av fjorden, med mange synlige elvestrenger fra Jåstad og helt inn til Odda» (vår understrekning).

NVE skriv i KSK-notat 117/2017 at «NVE vektlegger (...) at vannføringen i elva allerede er påvirket ved reguleringen av Blåvatnet». Vassdragsinngrep innanfor den same vasstrengen er ikkje eit argument i seg sjølv for å auka lasten på den same vasstrengen ytterlegare med energitekniske inngrep, jf. vassressurslova § 25. Føreareida talar for at det ikkje er relevant å vektlegge dette momentet, men snarare det motsette med omsyn til samla last.

8. Stor verdi for reiselivet: I fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland har tema reiseliv fått stor verdi i Sørfjorden. Vi kan ikkje sjå at NVE har vurdert dette temaet tilstrekkeleg i KSK-notat 117/2017. I høve retningslinjene frå OED er reiseliv eit relevant tema som skal vurderast i sakshandsaminga til NVE. Det føreligg nasjonale reiselivsinteresser knytta til området for Oddapakka og til T-merka rute langs Tokheimselva. Vi viser til at «Turistveien over Folgefonna» er definert som ei «Historisk vandrerute» i samarbeid mellom Riksantikvaren og DNT. Starten på T-merka rute ved Tokheim har ei fin plassering i høve Odda sentrum, og det er tilrettelagt med gode parkeringsmoglegheiter.

I innstilling frå forvaltar for Folgefonna nasjonalpark i brev datert 20.03.2017 (Arkivsaksnr: 2017/1176-0), vert det skrive: «Ridestien/Turistvegen opp Tokheimslia har fleire gonger fått støtte til tiltak frå Folgefonna nasjonalparkstyre».

I rapporten «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap» (Morten Clemetsen, Lars Andre Uttakleiv, Ingunn Bårtvedt Skjerdal, 2011) vert det vist til, s. 25: «*Fjordenes funksjon som ferdsselsåre har også vært bestemmende for bosetning og utvikling av tettsteder og lokalisering av industrianlegg siden slutten av 1800-tallet. Typen er åpenbart viktig i reiselivssammenheng og som profileringsfaktor for fjordlandskapet som turistmål. Sørfjorden og Maurangsfiorden i Hardanger er kjente turistmål for blant annet cruisetrafikken*» (vår understrekning).

Vi kan heller ikkje sjå at Regjeringa sitt arbeid med besøksstrategiar for nasjonalparkar er drøfta i KSK-notat 117/2017. Vi viser til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk, s. 31, «*For områder som klassifiseres som reiselivsområder av stor verdi vil det bli lagt vekt på å unngå tiltak som reduserer verdien for reiselivet*». Vi viser til at Regjeringa gjennom

friluftslivsmeldinga har bedt nasjonalparkstyra om å utvikle besøksstrategiar innan 2020, jf. Meld. St. 18 (2015-2016) avsnitt 9.6. Nasjonalparkstyret for Folgefonna nasjonalpark er i gong med å utvikle ein besøksstrategi (2017). Vi viser også til Miljødirektoratets «Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder» (M-415/2015).

I friluftslivsmeldinga vert det vist til, Meld. St. 18 (2015-2016), s. 108: «*Besøksstrategiene vil blant annet avklare ved hvilke innfartsområder det bør gis informasjon, hvilke stier og parkeringsplasser som bør oppgraderes eller nyetableres, og hvilke områder som har spesielt sårbart naturmangfold og som derfor ikke bør ha høyt besøk. Målet er å gi bedre informasjon og økt opplevelseskvalitet for den besøkende, uavhengig om det er utøvelse av friluftsliv i egen regi eller friluftsliv med kjøp av tjenester levert av bedrifter*».

Oppgangstraseen frå Egne Hjem til Folgefonna nasjonalpark vil ha ei viktig rolle i utviklinga av ein besøksstrategi for nasjonalparken og for naturbasert reiselivsnæring lokalt, regionalt og nasjonalt.

Det er difor viktig å ivareta Tokheimselva utan energitekniske inngrep for å ivareta landskap, naturoppleveling og som ressurs for naturbasert reiselivsnæring. I utkast til besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark (2017) vert det vist til ringverknadsanalyse for Folgefonna som turistdestinasjon. Analyseområdet femna om Odda, Ullensvang, Kvam, Kvinnherad, Jondal og Etne. Odda opplever i dag ein sterkt vekst i naturbasert reiselivsnæring og har eit stort potensial til å auka aktiviteten.

Hovudfunna i ringverknadsanalyse presentert i utkast til besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark (2017):

«

- Reiselivet er ein svært viktig næring i denne regionen. Det er naturbasert reiseliv som er viktigast og i raskast vekst.
- Så å sei all aktivitet i overnatting- og serveringsnæringane er generert av reiselivsrelatert aktivitet.
- Menon analyse bereknar at Folgefonna bidreg med rundt 19 % av all reiselivsrelatert verdiskaping (medrekna ringverknader) og 21 % av arbeidsplassar. Tallet er truleg konservativt, då dei legg til grunn ein låg andel Folgefonnarelaterte gjestedøger i dei store kommunane Odda og Ullensvang. Manglar også statistikk på kor mange som kjem på dagsbesøk frå Bergen og andre stader.
- Dei er forventa ein auke i tal tilreisande, særleg knytta til ski og breføring.
- Aktivitet rundt Folgefonna nyt godt av Trolltungaeffekten, som eit komplementært produkt som er attraktivt for mange av dei same turistane.



- Folgefonna og naturen rundt gir moglegheiter for eit meir variert aktivitetstilbod enn Trolltunga. Kombinasjonen fjord, fjell og isbre er unik også i Noreg, kombinert med etablerte varemerke som Trolltunga, Vøringsfossen og Hardangerfrukt».

Dersom Olje- og energidepartementet har spørsmål til klagan og ønskjer ytterlegare informasjon, er det berre til å ta kontakt.

Med vennleg helsing

Trude Iversen
Organisasjonsleiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Kopi på e-post 19.01.2018: Noregs vassdrags- og energidirektorat, Klima- og miljødepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Miljødirektoratet, Folgefonna nasjonalparkstyre, Riksantikvaren, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Odda kommune.